

ÅRSMELDING FOR DIAKON I VESTNES 2025

Bemanning i diakonstillinga 2025

Januar-desember: Ellen Edvardsen

Diakoniutval:

Kvart sokneråd vel diakoniutval. Ved arrangement arbeidar gjerne desse saman.

Diakoniutval 2025:

Vågstranda: Inger Marie Henriksen Talberg
Vike: Liv Gisnås og Wenche Rødal
Tresfjord: Ellen Andreassen og Dagny Villa
Vestnes: Sølvi Mathilde Heggdal
Fiksdal: Ann Iren Fylling Ellingseter og Anne-Grethe Stige

Oppgåver for diakonen:

Det arbeidet som diakoniutvala og diakonen har gjort i 2025, er på bakgrunn av den reviderte diakoniplanen frå 2018 som endeleg blei godkjend frå Bispedømekontoret i januar 2020.

MENNESKE MED PSYKISK UTVIKLINGSHEMMING:

Bakgrunn for arbeidet: I kyrkja er vi eit stort fellesskap av ulike menneske som utfyller kvarandre. Nokre har litt fleire utfordringar enn andre og treng tilrettelegging. Dei som kjem på sittedans er menneske som har mykje å bidra med i kyrkja. Kyrkja blir ikkje HEIL utan dei 😊

Sittedans:

Vi har hatt **6 samlingar** for sittedansgruppa i år, to fleire samlingar enn i 2024. Vi var **12** til saman før jul, **5 brukarar og 7 hjelparar**. Vi kosa oss med **pizza, klementin og kaker** 😊

GUDSTENESTE OG FØRJULSAMLINGAR:

Dette året har eg vore «prest» på **2** konfirmasjonsgudsteneste for Tomrefjord og **1** for Fiksdal. Så gjennomførte eg **1 Ung Messe** for Tomrefjord og **1** for Fiksdal.

I 2025 fekk eg fritak for skulegudstenester då eg skulle gjennomføre fleire andre juleavslutningar... Men eg hadde samlingar for barnehagar.... Tomrefjord og Fiksdal barnehage kom i Fiksdal kyrkja og Helland barnehage besøkte Vestnes kyrkje.

SITTEDANS VED SENTRUM DAGSENTER:

Dei 2 dagsentra, som begge er lokalisert ved gamle Maritz kafé, har eit dagtilbod til personar med byrjande demensutvikling. Dei ynskjer at diakonen skal kome å instruere i sittedans ein gong kvar 14 dag. Det har ikkje vore mogleg å følgje opp dette så jamleg, men prøve så ofte eg kan å ta ein tur på besøk. Det har vorte tid til **12 besøk** dette året. Det er godt for både personal og brukarar å få eit lite avbrekk frå den faste rutinen.....



Sittedansavslutning før jul 😊

OPPFØLGING AV ETTERLATNE:

Bakgrunn for arbeidet: Tida etter eit dødsfall kan opplevast ulikt. Når ein person ein har hatt ein nær relasjon til blir borte, opne eit nytt landskap seg. I ei tid der sorg og nyorientering tek stor plass, er det viktig å kunne ha nokon å snakke med. Mange har eit godt nettverk av familie og vener rundt seg og oppleve at det er nok. Likevel har nokre ønske om å snakke med nokon utanfor den nære krinsen. Som kyrkje ønsker vi å vere tilgjengeleg og til stades der det er behov for det.

Kyrkjjas oppfølging:

Det første møte med dei sørgjande er det presten og begravelsesbyrået som har. Gravferda blir forberedt og familien kan snakke med presten. Etter ca. 8 veker tek diakonen kontakt. Dei som har mista ektefelle eller små barn, får då tilbod om besøk av diakonen. Mange vil gjerne ha besøk, medan andre ønsker berre ein telefonsamtale.

Før Allehelgenssøndag får dei som har mista ektefelle eller små barn ein engel som heiter «sorg» i tillegg til ei helsing. Dei siste åra er det diakonen som har besøkt og gjeve ei gåve til alle dei som har mista ektefelle/små barn. **Alle** som har mist nokon det siste året får ein skriftleg invitasjon til helgemesse, der det er ei markering og namnet på den døde blir lese opp. **I 2025 blei det levert ut 26 englar.**

Andre besøk:

Det blir i tillegg ein god del andre besøk og, nokre har fått besøk i mange år sidan det stadig har dukka opp ny problematikk.

I 2025 har eg hatt 59 besøk i tillegg til 26 besøk til etterlatne før allehelgen. Her skulle eg gjerne hatt meir tid, for eg opplever stadig at mange ynskjer meir besøk enn eg kan innfri.

KORARBEID I SFO TID:

Våren 2025 hadde eg kor i SFO tida på Tomrefjord skule 😊 Vi fekk til 6 korøvingar med oppmøte frå 15-20 barn 😊 Då hausten kom, ville Stephanie Lippert starte eit nytt kor i SFO tida der deltakarane må betale for deltakinga.Då fann eg ut, i samråd med sjef Hege, at det ikkje var «marknad» for 2 kor på same skule. Det har vore ein litt vemodig haust utan korøvingar, men samtidig var det eit riktig tidspunkt å slutte på.Det gjekk ut 9 barn som skulle starte i 5. klasse og koret ville vore «halvert», i alle fall viss ikkje rekrutteringa frå 1. klasse hadde vorte veldig god. Ingvild har hatt korøvingar på Helland Barneskule.



18 glade og veldig flinke songarar i Tomrefjord 😊😊

PÅSKEVANDRING 2025:

Kjekt å vere esel, rope hosianna, pynte korset med påskeliljer og «springe om kapp» i midtgongen 😊 **Eg har hatt 3 vandringar for skule, Tomrefjord (Forsamlingshuset i Tomrefjord), Helland (1 gruppe på 15 elevar i Vestnes kyrkje) og Vike (6 elevar i Vike kyrkje. I tillegg hadde eg 1 vandring for Helland Barnehage.**



FORBØN FOR KONFIRMANTAR 2024/ 2025:


Kvar haust sende diakonen ut forbønskort for kvar konfirmant i tillegg til eit brev med diverse andre forbønsemne. Dette blir stort sett godt motteken, og vi er veldig takknemlege for at vi har så mange forbedarar med oss i dette viktige arbeidet 😊



Pynte kors med påskeliljer og vaske føter 😊

KONFIRMANTUNDERVISNING:

Både vår og haust 2025 har eg hatt ansvar for konfirmantundervisninga for Tomrefjord og Fiksdal, delt i 2 grupper. Det er koselege ungdommar alle saman 😊 Men kan ikkje legge skjul på at det er utfordrande, når det helst må skje noko nytt kvart andre minutt. Dette året har eg gjennomført samtalar med ein og ein konfirmant både på starten og slutten av året. Desse samtalanene er utruleg fine, då eg får eit heilt anna og ikkje minst veldig positivt inntrykk av alle konfirmantane. Dei oppfører seg heilt annleis åleine enn saman i ei større gruppe. Det har vorte **19 samlingar** totalt saman med konfirmantane i tillegg til **Impuls i Molde**. I starten av mars drog alle konfirmantane i Vestnes til Molde og var med på møter, seminar, aktivitetar, lovsong og NM i gjømsel frå laurdag til søndag 😊



Serveringa fell tydelegvis i smak hjå einskilde konfirmantar 😊 😊

KRIK:

I 2025 har vi gjennomført **20 treningar og oppmøte har variert frå 15 - 60 ungdommar**. På 12 av treningane har det vore over **30 ungdommar**, kun 2 av treningane har hatt under 20 ungdommar 😊

Vi har hatt **2 overnattingsturar**, ein på vår og ein på haust. I mars tok vi turen til Sykkylven. **20 deltakarar** hadde lyst til å stå på slalåm på Strandafjellet og i tillegg blei det bading i Bybadet (Ålesund) på laurdag på grunn av dårleg ver. Uti frå tilbakemeldingane så kosa alle seg på denne turen:)

I oktober drog vi ein gjeng på **35 til Fosnavåg**.....Her kosa gjengen seg med klatring og bading i Sunnmørsbadet i tillegg til hopping på Trampolineparken på Digerneset.

Hausten 2025 var vi så heldige å få besøk av 4 ungdommar frå KRIK sentralt. Dei gjennomførte ei fantastisk god, kreativ og spenstig trening i tillegg til å halde ein veldig fin andakt for gjengen vår:;) Alle storkosa seg og KRIK ungdommane frå Vestnes fekk veldig god kontakt med gjengen frå Oslo 😊 😊

Vi har og hatt **sommaravslutning med diverse vannsport og sommar aktivitetar, kajakk, bading, sandvolleyball, badminton og grilling**. Til jul hadde vi ei koseleg

julestemnings-trening i Vestneshallen med julequiz, konkurransar, brownies, peparkaker og klementin.

I år fekk vi og til eit tilbod for dei som er over 16 år i KRIK. Det blei pizza på Amore 😊 Planen var Go-cart, men det lôt seg ikkje gjennomføre mellom alle eksamenar og avslutningar før sommaren...

Det har altså vore eit veldig aktivt år med mange varierte aktivitetar. Dette året har vi hatt betre oppmøte på treningane enn på mange år, så vi ser ein veldig positiv trend her 😊 😊

Som ein del av leiaropplæringa i KRIK, har vi alltid **styretur på hausten**. Denne gongen fekk vi husrom på Daugstad Bedehus, ei triveleg KRIK – styrehelg 😊



Vi kose oss alltid på Strandafjellet 😊 😊

GRØN KYRKJELYD:

Diakonen deltek saman med 2 andre frivillige medarbeidarar, **Håvard Skrede** og **Liv Turid Kristiseter**, i ei gruppe som har fokus på korleis kyrkjelyden i Vestnes kan vere mest mogleg «grøn». Denne gruppa har kun hatt **1 møte** dette året på grunn av alt anna diakonen har hatt på agendaen. **Men på grunn av vår pliktoppfyllande kyrkjjetenar, Andrew, så går det riktig så bra med sorteringa av avfallet både ute og inne.**



Ungdommar i KRIK – styret syng i Sykkylven kyrkje, lovsongar etter Korssamling 😊 😊

FELLES DIAKONIUTVAL I VESTNES:

Eg er veldig glad for den flotte gjengen i dei ulike diakoniutvala i kommunen 😊 Dei er så erfarne, arbeidssomme og positive alle saman 😊 Vi har hatt **2 møte i 2025** der vi planla ein sosial/diakonal kveld for eldre. Vi hadde planar om å invitere alle bebuarane på Senior Plaza til mat, prat og musikk i november 2025. Vi måtte utsetje dette til februar 2026 sidan Vestnes Røde Kors planla å ha eit liknande tiltak i november 2025. Men tiltaket blei veldig velluka den 4. februar 2026. Bernt Fylling kom og underhalde med song og musikk der deltakarane i tillegg fekk kome med egne songforslag. Mykje god påsmurt brødmat og gode kaker, sette ein ekstra spiss på arrangementet. Deltakarane kom med mange gode tilbakemeldingar og ville gjerne ha eit arrangement som dette kvar månad.....:) 😊

BURSDAGSFEIRING I KYRKJA:

Preg barnehage (tidlegare Tryggheim) ville gjerne ha ei pinsesamling/bursdagsfeiring i kyrkja og det fekk vi til 😊 Barnehagebarna blei møtt med ein visuell andakt, omvising i kyrkja, tur opp i klokketårnet (veldig skummelt og spanande...), bursdagsfest med sjokoladecake/brownies/lefse/is og mykje «bursdagsstæsj» som bursdagshattar, sugerøyr og ballongar 😊 😊

10+ FELLES FOR HEILE VESTNES KOMMUNE:

I løpet av våren og hausten 2025 har eg hatt **9 10+ samlingar** då trusopplærar har vore sjukemeld. Her har det kome frå **18-29** barn, men bortsett frå ei samling, så har det alltid vore **over 20 til stades**. Dette er verkeleg ein fin bukett med ungar 😊😊 På desse samlingane er det diverse leiker og aktivitetar, visuell andakt av noko slag, mat som pannekake, pizza, hamburgar eller lasagne, musikk og sosialt fellesskap.

SAMLINGAR FOR 5. KLASSE MED UTDELING AV BOKA: VANDRING GJENNOM BIBELEN:

I fleire år har det kome svært få femteklassingar, kanskje berre 2-3, på gudsteneste der dei skal få utdelt boka «Vandring gjennom Bibelen». Dette har vore erfaringa i Vestnes sokn. Difor starta diakonen med eit nytt opplegg hausten 2024 der eg hadde to separate samlingar for Tomrefjord (Forsamlingshuset i Tomrefjord) og Helland (Kyrkjekontorkjellaren). **Hausten 2025 hadde eg berre samling for Tomrefjord (18 barn!) i desember**. Ingvild hadde samling for Helland denne hausten. I Tomrefjord fekk femteklassingane dramatisere bibelhistorier som dei finn i den utdelte boka, leike, pynte peparkaker, høyre musikk og ete pizza + brownies 😊



KURS OG FAGLEG OPPDATERING:

Det blei **2 fagdagar på Vestheim i 2025**. I januar var det samling med Biskopen og i november hadde vi tema: «Samtalegrupper med ungdom kalla «Meininga med meg»». I tillegg kjem **3 prostisamlingar, 4 andre samlingar** med kollegaer i Nordmøre og Romsdal på Røbekk og **1 overnattingstur til Åkerlehaugen** med diakonkollegaer.

DIVERSE:

Igjennom heile 2025 har eg vore nestleiar i Spir, Møre stift (Frå 01.01.2025 blei 3 organisasjonar slått saman til ein ny organisasjon, SPIR (Presteforeininga, KUFO og Diakonforbundet) I høve dette var eg med på den nye organisasjonen sin første **Generalforsamling i mars på Lillestrøm (3 dagar)**. I tillegg har eg vore med på **6 digitale møte i stiftsstyret og 1 årsmøte i Møre stift**. Eg er og vara tillitsvalt for Nordmøre og Domprostiet og har då vore med på **1 digitalt tillitsvalgtkurs**.

Det har og er fortsett eit prosjekt på gong med meir samarbeid mellom fellestråda i Domprostiet. I det høve har eg vore representanten for staben i Vestnes og Spir inn i noko som kallast for **Tillitsvalgtforum**. Der har eg vore på **1 fysisk og 1 digitalt møte**.

Det kan til slutt òg nemnast at det har vore **1 felles soknerådsmøte hausten 2025** og vi har hatt **1 møte i Psykososialt kriseteam**.

Slik verdssituasjonen er for tida, vil eg avslutte med kloke ord frå Mahatma Ghandi...»Du må vere den forandringa du ønske å sjå i verda»

Vestnes 23.02.2026

Ellen Edvardsen, diakon.